Fylkesmannen i Oppland

Dovre kommune

2662 DOVRE

Deres referanse		Dato	21.08.2014
Vår referanse	2014/5037-5 433.52 HKL		
Saksbehandler	Harald Klæbo, tlf. 61 26 60 56		
Avdeling	Miljøvernavdelingen		

Fellingsløyve på jerv – utvidelse i Dovre og Vågå kommuner

Det vises til muntleg søknad frå Dovre kommune datert 20. august 2014 kl 14.30, om forlenging av skadefelling av jerv i delar av Dovre og Vågå kommuner.

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 bokstav b) og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. §§ 1 og 3, utvider Fylkesmannen i Oppland skadefellingsløyvet på ein jerv i delar Dovre og Vågå kommuner i perioden 20. august kl. 15:00 til 27. august kl. 12:00. Dovre kommune er ansvarleg for fellingsforsøket. Vedtaket ble gitt munnleg til Dovre kommune v/Ellen Marie Sørumgård Syse 20. august kl. 15.00.

Bakgrunn
Fylkesmannen iverksette tillatelse til skadefelling på jerv i same område i tidsrommet 9. august 2014 kl. 18:30 til 13. august 2014 kl. 12:00 (brev av 18. august). Seinare er løyvet blitt forlenga, seinest til 20. august kl 12.00.

Statens naturoppsyn v/Bø har den 20. august meldt om ein skade av jerv på sau ved Jettsetra, ca 2 døgn gamal. Fylkesmannen konstaterer at det fortatt er skader av jerv i beiteområdet.

Vilkår
Vilkår for løyvet går fram av Fylkesmannens brev av 18. august 2014, med unntak av pkt. 2, som omhandlar tidsrommet der skadefellingsløyvet gjeld og som kan endrast til «Skadefellingsløyvet gjeld i tidsrommet 20. august kl. 15:00 til 27. august kl. 12:00».

Det er ikkje avsett ny økonomisk ramme for fellingsforsøket.

Klage
Det kan klagast på vedtaket innan tre veker til Miljødirektoratet. Ei eventuell klage sendast til Fylkesmannen i Oppland.

Vebjørn Knarrum e.f.
avdelingsdirektør

Harald Klæbo
sen.ing.

Etter våre rutiner er dette brevet godkjent og sendt uten underskrift.

Kopi:
Vågå kommune
SNO, v/Esben Bø, 2686 Lom